

Framleis ikkje breiband i dalen

05.02.2009



Antenna sit klar på veggen til Tore Mathiesen på Musland, men sendaren manglar...(Foto: Ola Matti Mathisen)

Breiband i dalen før nyttår. Det lova før jul den landsomfattande breibandleverandøren Direct Connect med base i Vestby ved Oslo.

Men no skriv vi februar og framleis er det ikkje breibandtilbod oppover i Uskedalen. På ein vegg på Musland sit antennen klar. Men noko vesentleg manglar – det manglar ein sendar!

Tore Mathiesen, som har vore pådrivar for prosjektet, fekk antenna like etter nyttår og monterte ho, men fanga ikkje inn noko signal. Då han tok kontakt med Direct Connect rundt 10. januar, måtte dei innrømma at sendaren ikkje var på plass.

No har Mathiesen hatt ny kontakt med firmaet og fått opplyst det ikkje hadde lukkast dei å få det dei kallar "losji" i masta der dei hadde teke sikte på å montera sendaren. Det er masta på Skårahaug.

Difor må dei satsa på eit anna sendarpunkt og opplyser til Mathiesen at "vi håper dette arbeidet vil være løst på 2-3 uker".

I starten av januar lova dei oppdragsgjevaren, som er Kvinnherad kommune, at sendaren skulle vera på plass innan 15. februar, men det lukkast altså heller ikkje.

Å få breiband oppe i Uskedalen vil kosta kvar enkelt 2000-3000 kroner, men kor mange som vil slutta seg til er uvisst. I tillegg kjem sjølvsagt utgift pr. månad som er frå 380 kroner og oppover avhengig av hastigkeit.

DC er ekspertar på radiobasert (trådlaust) breiband og firmaet har levert eller skal levera slike samband i 92 av kommunane her i landet.

Av Ola Matti Mathisen